



## REFERAT FRÅ MØTE I FAU 26.05.2026

Til stades: Inghild Dyrnes Karlsen, Balbina Andrea Diaz Holm, Marie Helene Jordal, Iselin Dyrdal, Sara Aspen og Mona Renathe Toppe. Tilstades på delar av møtet: Arne Olsen

### 1. Nytt frå rektor

#### Leksebevisst skule neste skuleår

- det vert ei endring i heimeleksene til hausten. Det vert i hovudsak kun lesing som heimelekse. Dette vert eit forsøk som prøvast neste skuleår. Leksehjelp vil fortsetje, som for eksempel støtte i matematikk og andre tema. Det vert viktig med godt samarbeid med FAU og foreldre når me prøver dette.

#### Sommaravslutning

- sommaravslutninga vert mandag 22.juni kl.17.00. Festen startar inne på trinna sine klasserom. Etterpå samlast alle ute på skuleplassen, med grilling og god stemning.
- Skulen og klassekontaktane har ansvar for gjennomføringa.
- FAU har ein del drikke og mat igjen etter 17.mai feiringa som kan brukast på sommaravslutninga.

#### Rydding på skulen

- skulen har rydda og flytta på arbeidsplassar, for å frigjere meir plass til blant anna grupperom.

### 2. Foreldremøte til hausten

- forslag frå Fau om å dele opp møtene på trinna til før og etter foreldremøtet. For eksempel kan 1-3.trinn har møte med lærar før det felles foreldremøtet, medan 4-7.trinn har møte med lærar etter fellesmøte. Dette for at foreldre med fleire born på skulen, slepp å ha fleire møter samstundes.

### 3. Fau evaluerer året.

- Det har vore eit kjekt år med mykje aktivitet. Fau har gjennomført refleksdagen, halloweenfest, juletefest og 17.mai saman med 17.mai komiteen. Evaluering, erfaringar og gode råd ligg tilgjengeleg i eige notat til neste års Fau.
- Me takkar skulen og foreldre for godt samarbeid i skuleåret 2025/2026!

Neste FAU møte vert i samband med foreldremøtet til hausten.

Mona Renathe  
Toppe, referent